

Fyller kyrkja med song, musikk og publikum.

03.04.2017



Også denne konserten fylte kyrkja.

Fire konsertar har Eva Megyesi stått i bresjen for på mandagskveldar i Uskedal kyrkje sidan i august. Kvar gong har dei gått tom for programark av den gode grunn at det har kome meir publikum enn ho hadde forventa. Slikt er gledeleg, men det er godt forståeleg for ho set alltid saman konsertprogram med god breidde og høgt kvalitetsnivå.



Sentrale aktørar saman med dei to søstrene frå Syria som var på konsert i Kvinnherad for første gang. Svein(f.v.), Etab, Noura, Runa, Eva og Pawel.

Kveldens konsert inneheldt 13 nummer, og Eva var involvert i alle. Til og med då Svein Rimestad song Ricky Scaggs-songen 'Eg skal gå på grønne enger', som han sjølv hadde omsett til nynorsk, dukka ho opp då dei song

duett i siste del av songen. Nydeleg var det! Elles var ho med som dirigent, med solostykke på orgel, som akkompagnatør på piano og som songsolist i den vakre framføringa av 'Via Dolorosa' der ho vart akkompagnert av ektemannen Pawel Cabala på piano. Saman imponerte ekteparet då dei spelte fihendig på kyrkjeorgel i 'Pachebel- Canon'. Pawel akkompagnerte også kyrkjekoret Norsaaug i to songar dei framførte, 'In this heart' av Sinead O'Connor og velkjende 'Pie Jesu' med Svein Rimestad som solist. Kyrkjekoret Nordsaaug framførte til saman 6 songar og er allereie, før dei har runda sitt første år, blitt ein viktig tilvekst i musikklivet i Kvinnherad.

Runa Isene har delteke på konsertar både i Valen kyrkje og her i Uskedalen. Ho leverer alltid fiolinspel som gjer at både øyregangane og resten av lekamen føler seg vel. Slik var det også i kveld! Dei to nummera ho framførte akkompagnert av Eva Megyesi, sjølvsaugt, var bevis på at her har Kvinnherad fått eit solid radarpar av høgklasse.

Med sentrale aktørar med bakgrunn frå Ungarn og Polen, var det også internasjonalt innslag blant publikum. Våre venner frå Romania er ofte å sjå på kyrkjekonsertane. I kveld var også to svært musikkinteresserte søstrer frå Aleppo i Syria på konsert i Kvinnherad for første gong. Dei har eit søskenbarn som er stor fiolinist i heimlandet. Dei kom til Husnes for 7 månader sidan etter å ha budd på fleire mottak i godt over eit år. Dei gav uttrykk for at konserten var ei heilt fantastisk oppleving for dei. Applausen fortalde tydeleg at også resten av publikum i den fullsette kyrkja var fornøgde.



[Kyrkjekoret Nordsaaug, ein flott tilvekst i musikklivet i Kvinnherad.](#)

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland